



Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -



ÅRSPLAN FOR DRÅPESLOTTET BARNEHAGE 2024/2025



Godkjent av samarbeidsutvalet dato: 24.09.2024

Forord

Velkomen til eit nytt barnehageår i Dråpeslottet barnehage 2024/2025.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap som skal synleggjera korleis barnehagen omset barnehagelova og rammeplanen i praksis, og arbeidar målretta for å sikra det pedagogiske arbeidet.

Ny rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver trådde i kraft 1. august 2017 og er ein forskrift til barnehagelova.

Lenke til rammeplanen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Lenke til barnehagelova: [Lov om barnehagar \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Kontaktinformasjon:

E-post: vibeke.utskot@samnanger.kommune.no

Månadsbrev og månadsplan blir lagt på Vigilo og vi legg det i hylla i garderoben.

Fråværsregistrering og andre beskjedar skjer på Vigilo.

Følg oss gjerne på Facebook.

E-post: Eignar seg til beskjedar som ikkje hastar.

Vedtekter og hovudretningslinjer for drifta ligg på heimesida til kommunen.

Telefon kontor: 56589710, **Mobiltelefon:** 97149260

Opningstid: 07.00 -16.30

Vi gjer merksame på at det kan bli endringar grunna:

- Barna sine egne interesser.
- Hendingar vi ikkje kan sjå på førehand.

Me gler oss til å ta fatt på det vidare pedagogiske arbeidet saman med barna.

Med helsing

Vibeke Utskot, styrar

DRÅPESLOTTET BARNEHAGE



INNLEIING

Dråpeslottet barnehage er ein kommunal barnehage. Dråpeslottet barnehage starta opp i november 2008

Det er fleksible aldersgrupperinger i høve til søkjarmassen og barnegruppene kan vera variable i forhold til gruppestorleiken.

Hausten 2024 og vår 2025 har Dråpeslottet 4 avdelingar:

Bekken: 2-6 år

Fossekallen: 3-6 år


Vasspytten: 0-3 år.

Plopp: 0-3 år

Avdelingane samarbeide tett omkring rutinar, barn og tilsette.

Barnehagen har eit felles inngangsparti med et godkjent leikeareal 405.6 kvadratmeter. Me har mange rom til disposisjon i tillegg til avdelingane 2 grovgarderober ved inngangspartiet, ein stor felles inngangshall, 2 verkstader, ute-soverom, og stort felles kjøkken med opphaldsrom og bibliotek.

Visjonen til barnehagen er felles med skulen:



Mål for barnehagane i Samnanger i 2024/2025:

Barnehagane skal vera framsynte med høg kvalitet

- Me skal være ein lærande organisasjon med kontinuerleg refleksjon over eigen praksis

Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass.

- Me skal tilby kompetanseheving, og læring på arbeidsplassen
- Me skal jobbe aktivt med kommunikasjon og samarbeid på alle nivå i organisasjonen

Barnehagane skal levera tenester med god kvalitet med fokus på tillit

- Gode rutine for samarbeid med føresette
- God informasjon og kommunikasjon med brukarane, t.d. Vigilo og andre former for kommunikasjon
- Gode rutine og plan for overgang barnehage - skule og fokus på tverrfagleg samarbeid

Personalet sin grunnbemanning, inklusiv pilotprosjektet:

Namn	Stilling	Stillingsstorleik
Einingsleiar/styrar:		
Vibeke L. Utskot	Einingsleiar/Styrar	100%
Pedagogiske leiarar:		
Jan Olaf Tveiterås	Pedagogisk leiar/nest leiar	100%
Annika Langeland	Pedagogisk leiar	100%
Cathrine Jåstad	Pedagogisk leiar	100%
Trude Tysseiland Fanebust	Pedagogisk leiar	100%
Chris Håkon G. Reistad	Pedagogisk leiar	100%
Kristin Asheim	Pedagogisk leiar	100%
Pedagogiske medarbeidarar:		
Linda Røen Haga	Barnepleiar	100%
Laila Lønnebakken	Barnepleiar	100%
Terese Helland	Assistent	100%
Olaug Øystese	Assistent	80%
Anita Brekkhus	Assistent	60%
Gunnveig Loe	Barnepleiar	100%
Jeanette Herland B	Barne- og ungdomsarbeidar	100%
Astrid Kulild	Assistent	100%
Vaida Bruvik	Assistent	80%

FERIEORDING, PLANLEGGINGSDAGAR OG PILOTPROSJEKT AUKA BEMANNING

Barnehagen er open frå 7.00 til 16.30. Me har 5 planleggingsdagar (sjå skule og barnehagerute på kommunen sin heimeside).

<https://www.samnanger.kommune.no/innhald/barnehage/ferie-og-fri-planleggingsdagar/>

Barnehagen er stengt i veke 29 og 30, og open resten av sumaren, stengt onsdag før påske og open i romjula. Det er påmelding ved påske, sommarferie og juleferie. I romjulsdagane er opningstida 08.00-16.00. Barna tek ut 4 veker ferie kvart barnehageår. Minst 3 av vekene takast ut i samanheng mellom 15. juni og 15. august. Planleggingsdagane reknast som den 5. ferieveka for barna. Dråpeslottet barnehage samarbeida tett med Vassloppa barnehage ved feriar.

Kommunestyre i Samnanger har vedtatt som følgjande om pilotprosjektet auka bemanning i barnehagane:

Vedtak i Kommunestyret - 18.06.2024 av sak 66/2024 Framlegg til ressursfordeling - pilotprosjekt auka grunnbemanning i barnehage: Kommunestyret vedtek at tildelte

midlar vert nytta til å styrka bemanninga i barnehagane for meir målretta arbeid med språkstimulerande tiltak og tilrettelegging for barn i mindre grupper.

Pilotprosjektet gjelde for haust 2024, med ei evaluering ved årsskiftet og heile år 2025. Denne ressursen skal brukast i barnehagen til språkstimulerande tiltak og tilrettelegging i mindre grupper i barnehagen der det er behov for ei styrking av bemanning. Språkstimulerande tiltak kan vera språkarbeid knyt til leselede, matgrupper, aktivitetsgrupper, formingsgrupper, leikegrupper, utegrupper med meir. Dette vil kome meir fram i månadsplanane til avdelingane.

SATSINGSOMRÅDENE FOR DRÅPESLOTTET BARNEHAGE ER:

- Utviklingsarbeid; Rekomp
- Tryggleikssirkelen
- Inkluderande barnehagemiljø
- Lesing og leselyst
- Leikeressurs i barnehagen

SATSINGSOMRÅDE : UTVIKLINGSARBEID; REKOMP

Dråpeslottet barnehage er med på regional ordning for kompetanseutvikling gjennom Utdanningsdirektoratet. Midlar for utviklingsarbeidet kjem frå Statsforvaltaren i Vestland. Barnehagen skal ha eit samarbeid og partnerskap med Høgskulen i Vestland, og skal arbeida med felles kompetanseheving for eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring. Hovudfokuset vil vera barnas medverknad i leikemiljø.

Utviklingsarbeidet har som hovudmål å:

«Å heve kompetansen til personalet på systematisk arbeid med inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning der alle får delta. Me ynskjer å etablera sterkare kompetanse på målretta tilrettelegging og gjennomføring av tiltak, slik at heile personalgruppa klarar å arbeida heilskapleg over tid.»

Utviklingsarbeidet vil gå over 2 år. I utviklingsarbeidet vil barnehagen arbeide med ASK (Alternativt supplerte kommunikasjon) som ein del av leikemiljøet. <https://www.statped.no/ask/>




SATSINGSOMRÅDET: TRYGGLEIKSSIRKELEN/COS:

Tryggleikssirkelen er eit verktøy i bruk til å forstå og møte barns behov, korleis ein arbeidar med tilknytning. Tilknytning er viktig for barn, og tilknytning påverkar utvikling heile livet, sjølvbilde, psykisk helse, relasjonar og korleis me gjer det i barnehage, i skulen og i arbeidslivet.

Tilknytning handlar kjensler både på godt og vondt. Hendene symbolisera at den vaksne er ein trygg base og ein sikker hamn. Barna må kjenne seg trygge når dei utforskar og ha ei trygg hamn å koma tilbake til når ein trenger støtte og tryggleik. *“Å dekke barns følelsemessige behov for kontakt med en voksen som alltid er tilstede, er en avgjørende forutsetning for læring” (Ida Brandtzæg et. Al s 5, Se barnet innenfra)*

Nokre omgrep som er viktige i dette verktøyet er tilknytning, sjølvstende, omsorg, beskyttelse, meistring, utforsking, kjensler, utvikling, forstå barn innanfrå, støtte og rettleiing. Dette verktøyet skal me bruke og arbeida med i vårt arbeid i barnehagen.



SATSINGSOMRÅDE: INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ:

Barnehagen skal legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er de tilsette i barnehagen som har hovudansvaret for å skape eit godt barnehagemiljø utan mobbing og krenkelsar i samarbeid med barnas føresette.

<https://www.samnanger.kommune.no/siteassets/innhald/barnehage/handlingsrutinar-mot-mobbing.pdf>

SATSINGSOMRÅDE: LESELYST OG LESEGLEDE:

Barnehagen vil satse på leselyst og leseglede. Dette handlar om å få barn til å bli glad i bøker og lesing. Me samarbeider tett med Samnanger folkebibliotek og bibliotekar Merethe Gauden.

SATSINGSOMRÅDE: LEIKERESSURS I BARNEHAGEN:

I samarbeid med ungdomsskulen skal barnehagen vera med i prosjekt leikeressurs i barnehagen gjennom å la ungdomskulegutar få arbeide i barnhage. Å vere leikeressurs i barnehage går ut på at ungdomsskulegutar skal få arbeida i ein barnehagen eksempelvis to timar, ein ettermiddagar i veka, i ein periode på 7 veker. Målet er på lang sikt å kunne rekruttere fleire menn til barnhagen.

BARNEHAGEN SITT FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagen sitt innhald regulerast av lokale og sentrale lover, forskrifter og planar.

- Barnehagelova
- Rammeplanen
- Økonomiplanen for Samnanger kommune
- Plan for pedagogisk utvikling for oppvekst
- Plan for overgang barnehage skule
- Handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane.

VERDIGRUNNLAG TIL BARNEHAGEN

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

(Rammeplanen 2017, s. 7).

BARN OG BARNDOM

I barnehage skal me gje alle born god omsorg og gode opplevingar ved å verne om eigenverdien til barndommen. Me skal heile tida arbeide for at barnehagen vår har eit inkluderande barnehagemiljø som er prega av leik, trivsel og glede. Det skal vera fokus på barnet sitt beste i alle situasjonar der barnet er involvert. Me skal anerkjenne barna sine kjensler og uttrykk, stadig på jakt etter barneperspektivet.

Korleis:

- Me skal ta utgangspunkt i barna sine ulike føresetnadar, støtte og rettleie, slik at barna i fellesskap med andre utviklar eit positivt sjølvbilde og tru på egne evner.
- Me må alltid være opptekne av å møte barna med empati. Slik får dei positive erfaringar og høve til å vidareutvikle evne til empati.
- Arbeide å ha fokus på å framheve den positive åtferda me vil ha meir av og redusere uønskt åtferd.
- Tryggleikssirkelen <https://www.foreldrerommet.no/nb/bok/nyttige-artikler/kapittel/hva-er-trygghetssirkelen/side/trygghetssirkelen-3/>

DEMOKRATI

I barnehagen skal me retta merksemda vår både mot enkeltbarn og barnegruppa og passe på at alle blir sett og høyrte og får delta i eit inkluderande fellesskap. Alle barna skal få høve til å vera deltakande og kome med ytringar ved t.d. planlegging, dokumentasjon, evaluering av aktivitetar og elles i barnehagekvardagen.

Korleis:

- Me skal fremje demokrati og vera eit inkluderande fellesskap der barna får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta i planar og mål.
- Me gjennomfører barnesamtalar med fokus på å stille opne spørsmål.
- Me snakkar om kjensler/diskuterer normer og reglar. Barna får erfaring med å vidareutvikla det å vise omsyn til andre, øve på sjølvkontroll, vente på tur, sette grenser, ha egne meininga og samarbeide.



MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT

Barnehagen er ein arena som speglar det mangfaldet som er i samfunnet elles. Alle skal ha like vilkår uavhengig av religion, kultur, kjønn og funksjonsevne. Barna skal erfare og lære korleis ein skal forholde seg til andre, at det er ulike meiningar, variasjon i måtar å leve på, og ulike typar familiar.

Korleis:

- Me skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.
- Me skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den de er, og synleggjera den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.
- Me skal formidle glede og positivitet rundt det at me alle er ulike og at alle menneske har same verdi.
- Me skal synleggjera samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet.



LIKESTILLING OG LIKEVERD

For å kunne fremje likeverd og likestilling, må me stadig reflektere over og vurdere egne handlingar og haldningar. Målet er å arbeide ut frå ei felles plattform, og felles praksis som er i tråd med det verdigrunnet me finn i barnehagelova, rammeplanen og Tryggleiksirkelen. På avdelingsmøter, pedagogmøter og planleggingsdagar, er evaluering og refleksjon av praksis eit fast tema. Det finns ikkje vanskelege barn, berre barn som har det vanskeleg.

Korleis:

- Me skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.
- Me skal stå fram som gode rollemodellar for barna, og andre vaksne.
- Me skal gi alle like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen
- Det er alltid den profesjonelle vaksne som har ansvar for relasjonskvaliteten, aldri barnet.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

Det å ha fokus på berekraftig utvikling blir viktig tema i åra som kjem og har i stor grad samanheng med Samnanger kommune sitt verdiprosjekt om det å vera framsynt. Å arbeida tverrfagleg for å styrke barn og unge sin fysiske og psykiske helse, slik at dei på sikt blir robuste nok til å meistre livet, er svært viktig for utvikling av eit berekraftig samfunn. Tidleg innsats og førebygging kan spare samfunnet for store utgifter. I Samnanger har me i dei seinare åra hatt auka fokus på tverrfagleg samarbeid og driv no eit meir systemretta, førebyggjande arbeid på tvers av fagfelt.

Korleis:

- Å lære barn å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen er ei sentral oppgåve for barnehagen. Gjennom tema og prosjektarbeid skal barnehagen bidra til at barna kan forstå at dagens handlingar får konsekvensar for framtida.
- Ved å ta i bruk naturen og gi barna gode naturopplevingar kan me påverke barn til å få tilhøyrslø til naturen. Det ein er glad i, vil ein ta vare på.
- Me deltek på Bir sin Rusken aksjon, plukkar boss ved stranda og rundt barnehagen.



LIVSMESTRING OG HELSE

I planverk for både barnehage og skule er det krav om auka merksemd på livsmestring og eit godt psykososialt oppvekstmiljø/læringsmiljø. Dråpeslottet skal gjennomføre eit pedagogisk opplegg kalla “æ, e mæ”, med fokus på kropp, og bevisstheit om eigne og andre sine grenser. Me skal jobba med tema som familie, følelsar, hemmelegheiter og gode og vonde berøringar.

Rammeplanen seier at barna skal få støtte i å meistre motgang, handtera utfordringar og verta kjent med eigne og andre sine kjensler. Barna skal i Dråpeslottet barnehage verta møtt og anerkjent slik at dei opplever mestring på ulike utviklingstrinn. Me skal i barnehagen

skapa sjølvstendige og robuste barn. Barn skal oppleve meistring i sosialt samspel med andre, påkledning, matsituasjon, i hente og leveringsituasjonen med meir. Barna skal «kunne bera sin eigen pose», og ha trygge vaksne som støtte. Tilknytning er viktig for alt arbeid i barnehagen og barn skal få søkje tryggleik og beskyttelse i trygge relasjonar til vaksne.

Barn byrjar tidleg å ha ein oppfatning av seg sjølv som gut eller jente, og identitetsutvikling er viktig for å kunne ha eit godt forhold til seg sjølv. Rammeplanen seier at «målet om at begge kjønn skal ha like mogelegheiter betyr ikkje at jenter og gutter skal bli like eller at noko eventuelt skal tas bort. Det handlar om å gje fleire mogelegheiter og at forventningane me har til kjønn ikkje skal begrensa barn». Me skal i barnehagen ha respekt for mangfald og me skal anerkjenne at barn uttrykker seg på ulike måtar uavhengig av kjønn.

Korleis:

- Me arbeider kvar dag med å fremje barna si psykiske og fysiske helse. Me legg til rette for at alle barn skal trivast, oppleva livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi. Samtidig skal me støtte og rettleie barna slik at dei kan takle utfordringar og motgang, og hjelpe dei på vegen med å bli kjende med sine egne og andre sine kjensler.
- Arbeid gjennom temaplan [æ, e mæ, trygge og robuste barn.](#)
- Me legger til rette for ro, kvile og avslapping i løpet av dagen. Me har eit stort felles kjøkken der me lagar ulike måltid saman med barna. Sosiale, inkluderande fellesmåltid der barna får øve på å smake, lære om kosthald, fremjar gode helsevanar, kan bidra til sosial utjamning.
- Me legg til rette for at barn mest mogeleg skal klare ting sjølv.
- Trygge vaksne som møter barn på sitt utviklingstrinn.
- Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt, vald og overgrep. Jf. Barnehagelova §22.



FORMÅLET OG INNHALDET I BARNEHAGEN

Barnehagekvardagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa med vekt på leik, skaparglede, undring og utforsking. Arbeidet med **omsorg, leik, danning, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk** skal sjåast i samanheng og samla bidra til barnas allsidige utvikling. Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna.

OMSORG

God fysisk og psykisk omsorg er ein føresetnad for at alle barn skal kjenne seg trygg. Dette bidrar til trivnad og at barna får høve til å utvikle empati og nestekjærleik. Me skal skapa gode relasjonar mellom barn og vaksne og mellom barna sjølve. Alle barn skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte de har behov for.

Korleis:

- Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte.
- Me verdset og gir positiv merksemd når det oppstår omsorgshandlingar mellom barn.
- Vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte.
- Me skal sørge for at barna opplever tilknytning i relasjonar til personalet og kvarandre som omsorgsfulle, og at dei utviklar tillit til seg sjølv og andre.
- Ha gode rutine og nok tid til barn og foreldre i tilvenningsperioden.
- Me vaksne skal vera eit støttande stillas for barna, individuelt og i grupper.

LEIK

Leiken er sentral for barns utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Me som vaksne skal verna om barnas leik i barnehagen, og fremme gode relasjonar i samband med leiken. I barnehagen er me heldige å ha eit stort uteområdet rolle/regel leikar og fysisk leik.

Korleis:

- Me skal skapa eit inkluderande miljø med tid til leik, sørgje for at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for leiketema og organisera/ variera leikar og materiell som skal være tilgjengeleg for barna.
- Me skal observera, analysa, støtte, rettleie, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine eigne premisser.
- Me må være bevisste på vaksenrolla når me deltek i leiken. Me er på golvet saman med barna, deltar aktivt i leik både inne og ute. Me bruker humor og har det gøy.



DANNING

Danning er ein livslang prosess og handlar om å utvikle evna til å reflektera over eigne handlingar og veremåtar. I danningprosessen skal barnehagen støtte barna i det å vera prøvande og utforskande til omverda og skapa grunnlag til å bli modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal bidra til at dei utviklar ei forståing av felles verdiar og normer.

Korleis:

- Danning skjer gjennom at varme, anerkjennande vaksne gir barna omsorg gjennom å sjå kvart enkelt barn og barnegruppas behov for; støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og det å reflektere saman med barna.
- Me har fokus på relasjonsbygging, konfliktløysing, gode samspele-mønster og det å være gode rollemodellar.
- Me brukar kvardagssituasjonar bøker og drama, til å filosofere, reflektere, samtale og undre seg over livet og ulike verdiar.
- Ta i bruk bøker og verktøy som Henry (førstehjelpskurs) og psykisk førstehjelpskoffert (grøne tankar, glade barn).
- Samnanger kommune har ein felles plan for eit godt psykososialt oppvekst og læringsmiljø.
- Me legger vekt på glede og humor i kvardagen.

LÆRING

Læringsmiljøet i barnehagen skal vera allsidig og stimulerande og vera knytt til leik. Det å få vera aktive, erfare, utforske og oppleve engasjement, meistring og motivasjon er viktig for at barna skal forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. I læringsprosessen skal barna få høve til å bruka heile kroppen og alle sansane og barna skal få medverka til si eiga, og andre sin læring. Barnehagen skal vera ein trafiksikker barnehage, målet er å redusere trafikkulykker, lære gode vanar og haldningar og ha tryggleiksrutinar for å ferdes i trafikken.

Korleis:

- Me skal leggja til rette for trivsel, og eit inkluderande fellesskap, og sørnga for at barna får bidra på sine premissar.
- Me skal observera og byggja vidare på barna sine interesser og engasjement og leggja til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar.
- Me er kreative og sørgjer for at alle barn kan få rike, og varierte erfaringar og opplevingar. Ein reflekterer over ulike tema, fenomen og situasjonar saman med barna.
- Me utarbeider progresjonsplanar for dei ulike fagområda, for å ivareta utvikling av innhaldet i barnehagen.
- Trafikkopplæring av barnehagebarn der barna skal lære trafikkreglar, bruke sansane sine i trafikken og få kunnskap om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks. Bli medlem i barnas trafikk-klubb.

VENNSKAP OG FELLESSKAP - SOSIAL KOMPETANSE

Sosial kompetanse er ein føresetnad for positiv samhandling med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som ein utviklar i samspel med andre. Barnehagen skal heile tida arbeida aktivt med å legge til rette for vennskap og fellesskap og hindre utestenging. I barnehagen skal alle barn kunne oppleve det å vere viktige for fellesskapet og det å vera i godt samspel med andre barn og vaksne. I barnehagen skal me førebyggje, stoppe, og følgje opp, diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster (barnehagen har sin eigen handlingsplan).

Korleis:

- Me støtter og rettleier barn i ulike samspelssituasjonar. Gi positiv merksemd til gode samhandlingsstrategiar.
- Me bidrar til at alle har nokon å leike med, og at alle opplever vennskap.
- Me skal hjelpe barna til å prøve å forstå andre sitt perspektiv, sjå ein situasjon/sak frå fleire sider og reflektere over eigne veremåtar, kjensler og meiningar.
- Me skal støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne gode strategiar for å kunne løysa konflikhtar.
- Følgje handlingsplan mot mobbing, krenkelsar og utestenging



KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

Kommunikasjon og språk er ein basiskompetanse som påverkar og vert påverka av alle sider ved barnet sin utvikling. Gjennom barnehagekvardagen skal barna oppleva eit allsidig og stimulerande språkmiljø. I samspel og dialog skal barna oppleva å få støtte i å kommunisere, medverke, lytte og forstå. Ved forseinka språkutvikling, uttalevanskar eller vanskar med språkforståing, vert dette følgt opp i nært samarbeid med foreldre / føresette, helsesøster og me får rettleiing av PPT for å vurdere og kvalitetssikra / nødvendige tiltak.

<https://www.samnanger.kommune.no/innhald/barnehage/sokje-spesialpedagogisk-hjelp/>

Korleis:

- Kommunikasjonen i barnehagen vår skal vera prega av anerkjenning. Me skal være lydhøyre og respondere på dei ulike verbale og ikkje – verbale uttrykka til barna og bidra til god språkutvikling.
- Me legg til rette for den gode samtalen ved måltid, i samlingsstund og i leik.
- Me les bøker og fortel, brukar ord og bilete, rim og regler, lyttar til lydbøker, musikk og me syng kvar dag.
- Me har språkgrupper, med fokus på leik og me øver på grunnleggjande omgrep.
- Bruk av ASK. Ask står for alternativ supplerande kommunikasjon og er eit verktøy som støttar ulike kommunikasjonsformer. Døme på dette kan vera handteikn, bilete, fysiske gjenstandar og symbol. Dette kan vera til hjelp for barn som har vanskar med å uttrykka seg verbalt, og kroppsleg. <https://www.statped.no/ask/>

BARNES MEDVERKNAD

I følge FNs barnekonvensjon har barn rett til å sei si meining i alt som vedtek dei, og barn sine synspunkt skal vektleggast. Barnehagen skal legge til rette for og oppmuntra barn til å uttale seg, og gi rom for at alle barn skal kunne erfara å få påverka det som skjer i barnehagen, både i planar og mål. Barna sine synspunkt må sjåast i samsvar med alder og modenskap. Barn skal ikkje få tildelt meir ansvar enn det dei er rusta til å ta.

Korleis:

- Me skal vera engasjerte, lydhøyre, og ta del i barna si undring og anerkjenne barna sine ulike uttrykksmåtar, samt respektere deira opplevelsesverden.
- Me arbeide aktivt for at alle barn skal bli sett og høyrte.
- Barna sine initiativ og interesser skal vera førande for val av tema/ tilrettelegging for leik.
- Me skal invitere til refleksjon og meningsutveksling både i spontane og planlagde aktivitetar/situasjonar.

SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (jf. Barnehagelova § 1.)

I tett samarbeid med heimen, skal vi i barnehagen vera lydhøyre ovanfor kva foreldre tenkjer. Samarbeidet vårt skal sikre at foreldra får medverknad, og barnehagen må arbeide for at barnet ikkje skal komme i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen. Det skal være eit nært samarbeid, god dialog med fokus på barns beste, og der begge partar har ansvar for at barnet skal trivast og utvikla seg.

Korleis:

- Dagleg kontakt ved levering og henting
- Kommunikasjon via **Vigilo** (Digital kommunikasjons verktøy. Nytt system i 2020)
- Telefonkontakt.
- Oppstart foreldremøte
- Oppstartsamtale.
- Foreldresamtalar
- Felles foreldremøte for alle om hausten.
- Foreldreråd
- SU (samarbeidsutval) består av 2 foreldrepraesentantar, 2 frå personale, og representant frå Kommunestyret.
- Arrangement: Foreldrekaffi, Luciadagen, og sumaravslutning.
- Foreldreundersøking
- Brukartilpassing

SAMARBEID MED ANDRE

Barnehagen samarbeider med Vassloppa og Gardsbarnehagen, barneskulen, ungdomskule, PPT, kultur med fleire. Samarbeidet med desse instansane er viktig for å kunne gi barna eit heilheitleg og godt tilbod med omsyn til barns beste.

Korleis:

- **Vassloppa barnehage og Aadland friluftsbarnehage:** samarbeid om felles arrangement som konsert, teaterframsyning, turar/aktivitetar for 6-åringane og andre besøk.
- **Samnanger barneskule/SFO:** Felles foreldremøte for 6-åringane. Besøk på skulen og SFO før skulestart. Overgangssamtalar med skulen. Tverrfaglege læringsmøter.
- **Ungdomsskulen:** Elevar kjem og er i barnehagen (valfag) innsats for andre o.l.
- **Kultur og Biblioteket:** Ulike kulturarrangement. Låner bøker, lyd bøker, cd, utstilling av kunstverk på biblioteket som barna har laga.
- **Pedagogisk-psykologisk teneste:** Ressursteam ein gong i månaden. Samarbeid og rettleiing, systemretta arbeid, samarbeid rundt enkeltbarn med samtykke frå

foreldre/føresette. Kompetanseheving.

- **Helsesjokepleiar:** Tverrfagleg samarbeid der helsesøster er i barnehagen etter fastsett plan.
- **Barneverntenesta:** Me kan kontakte konsultasjonsteam for å diskutere saker anonymt. Alle tilsette er etter Barnehagelova §46 pålagt opplysningsplikt, utan hinder av teieplikt, dersom det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla eller det er mistanke om andre former for alvorleg omsorgssvikt.
- **Basegrupper og oppvekstforum:** Systemretta og førebyggjande arbeid på tvers av ulike fagfelt i kommunen.
- **Fagforum:** Samarbeidsorgan for alle leiarane i barnehagane, skulane og ppt.
- **Utdanningsinstitusjonar:** Vidaregåande skular og opplæringskontoret når me har lærling i Barne og ungdomsarbeidarfaget. Høgskulen ved vidareutdanning og kompetanseheving.

OVERGANGAR

Det å sikre gode overgangar mellom heim – barnehage, og barnehage – skule er viktig for barnets trivsel, ve og vell. Ved barnehagestart skal barnehagen tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Ved skulestart er det viktig å mellom anna utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten.

Korleis:

- Me har faste rutine for samarbeid rundt overgangar når barnet skal byrja i barnehagen, overgang frå liten til stor avdeling, overgang frå barnehage til skule.
- **Oppstart:** I juni kallar me alle foreldre/føresette inn til samarbeidsmøte om oppstart og tilvenning i barnehagen. Alle blir inviterte til å komme på eit eller fleire besøk i juni for å bli litt kjent. I august er det ein oppstartsamtale rundt kvart enkeltbarn som er nye og foreldresamtale også om hausten.
- I oktober/november er det foreldresamtalar for alle som har skifta avdeling.
- **Overgang til skule:** Det er utarbeida ein eigen årsplan for dette.

BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal planleggjast og vurderast i samråd med barn og foreldre. For å oppnå dei måla som er skissert i barnehagelova og rammeplanen skal, og må barnehagen vera ein lærande organisasjon.

PLANLEGGING

Planlegging av det pedagogiske arbeidet legg grunnlaget for å tenkje og handle langsiktig og systematisk. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa og er ei synleggjering og realisering av rammeplanen, samt ei kilde til refleksjon og utvikling av verksemda. Utgangspunkt for planlegging er observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og dialog med barn og foreldre.

Korleis:

- Me nyttar planleggingsdagar, personalmøte, pedagogmøter, og avdelingsmøter til planlegging og fagleg utvikling/kompetanseheving.
- Arbeider aktivt for å involvere barn og foreldre i planleggingsprosessar.
- Personalet skal saman utvikle ein lokal og levande årsplan.
- Kvar månad vert det laga planar basert på årsplan og barna sine innspel.

VURDERING

Vurderingsarbeidet skal sikre at innhaldet og kvaliteten i barnehagen er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Dette skjer gjennom jamleg vurdering og analyse av det pedagogiske arbeidet i barnehagen

Korleis:

- Personalet vurderer kontinuerleg barnehagekvardagen og tema arbeid avdelingsvis og på pedagogisk leiarmøte. På planleggingsdagar og personalmøte har me felles vurdering og refleksjon av det pedagogiske arbeidet med fokus på utvikling, forbetring og det å oppretthalde ein lærande organisasjon.
- Foreldre si stemme er ein sentral og viktig del av vurderingsprosessen. Dette skjer gjennom dagleg dialog, foreldresamtalar, foreldreråd, foreldremøte og samarbeidsutval, samt foreldre undersøkelser anna kvart år.
- Barna skal påverke og ta del i sin eigen barnehagekvardag og personalet må møte 3barna med respekt og vera opne for deira innspel uttrykk og utsegn. Barneperspektivet og barns beste er det viktigaste målinga for vurderingsarbeidet.

DOKUMENTASJON

Barnehagen skal synleggjere det pedagogiske arbeide som blir gjort i organisasjonen. Dette gjer til at foreldre og andre får informasjon om kva barnet opplever, lærer og gjer i barnehagen. Synleggjering av kva barna erfarer, opplever og lærer i barnehagen skal danne eit bilete av det pedagogiske arbeidet slik at foreldra, lokalmiljøet og kommunen får nok informasjon for å kunne vurdere og sikre kvaliteten i barnehagen. Dokumentasjon er den informasjonen som er grunnlaget for vurderingsarbeidet.

Korleis:


- Synleggjere via blider og tekst opplevingar barna gjer.
- Personopplysningar skal handsamast i samsvar med personopplysingslova.
- Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn og til å få sletta eller korrigere opplysningar som er feilaktige eller misvisande.
- Informasjon via Vigilo om kva som skjer i barnehagen.

Dagsrytme små- og storbarnsavdeling.

	Bekken og Fossekalen (Storbarnsavdeling)		Vasspytten og Plopp (Småbarnsavdeling)
7.00	Barnehagen opnar	7.00	Barnehagen opnar
7.00 - 8.30	Frileik/frukost, barna har med matpakke.	7.00- 8.30	Frileik/frukost, barna har med matpakke, evt. graut til dei minste
9.30	Alle barna bør vera komne	9.30 - 11.00	Planlagde aktivitetar/tema arbeid/frileik
9.30 - 11.45	Planlagde aktivitetar/tema arbeid/frileik (inne/ute)	11.00 - 11.15	Samling/ Vaske hendar
1145	Lunsj; rydde, kort samling, vaske hender og dekke bord.	11.15 - 12.00	Lunsj
1245	Uteleik; Me kler på oss og går ut. Lengda på utetida varierer etter vêrtilhøve og årstid.	12.00 - 14.30	Bleieskift, sovetid for dei som søv. Leike tid for dei som er vakne.
15.00	Fruktmåltid Frileik inne og ute fram til stengetid kl. 16.30	14.30	Fruktmåltid Frileik inne/ute fram til stengetid kl. 16.30

Årshjul Dråpeslottet barnehage, Plopp og Vasspytten.

- Advent/jul
- Adventssamling med presten.
- Juleverkstad
- Julefrukost m/Lucia.
- Nissefest.
- Karneval
- Fastelaven
- Vinter og snøleik.
- Felles-samlinger ved karneval og nissefest



VINTER

Desember Januar
Februar

- Barnehagedagen.
- Påske/Påskehare
- Vår - Nytt liv.
- Brannvern - brannbil på besøk.
- 17. Mai
- Besøk, stor avdeling.
- Fellessamlinger ved påske og 17. mai
- Trafikkopplæring, bruk av sansane og gå tur.

VÅR

Mars April
Mai



HAUST

August
September
Oktober
November

- Tilvenning.
- Trafikkopplæring, bruk av sansane og gå tur.
- Vennskap.
- Familie.
- Foreldremøte.
- FN - dagen/Forut
- Høst
- Foreldrekafe.
- Brannvern dag



SOMMAR


Juni Juli

- Vannleik.
- Overgang, stor - liten avdeling.
- Sommerfest
- Foreldremøte for nye barn.
- Besøksdager for nye barn.



Årshjul Dråpeslottet barnehage, Fossekallen og Bekken.

- Adventt/jul
- Adventtssamling med presten med juleevangeliet
- Juleverkstad
- Lucia
- Nissefest for barna
- Karneval
- Vinter og snøleik
- Kroppen min eige eg
- Tal, mengde og bokstavar
- Fysisk aktivitet
- Felles-samlinger ved karneval og
- nisstefest
- Førskuleklubb



VINTER

Desember Januar
Februar

- Tur i skog og nærmiljø/trafikkoppplæring, førskuleklubb
- Farger
- Kropp og kosthold
- Barnehagedagen
- Påske, felles samling
- Vår - Nytt liv
- Brannvern - brannbil på besøk
- 17. Mai, felles samling
- Framheve nasjonalitetar.

VÅR


Mars April
Mai



HAUST

August
September
Oktober
November

- Tilvenning
- Bli trygg/kjent
- Vennskap
- Barnekonvensjonen
- Forutkafe
- Haust
- Brannvern
- Trafikkoppplæring
- Førskuleklubb



SOMMAR

Juni Juli



- Livet i fjæra
- Vannleik, sommar i barnehagen
- Kroppen min eige eg
- Overgang, liten-stor avdeling
- Ovegang barnehage-skule
- Avslutningsfest for førskulebarna
- Sommerfest v/foreldrerådet
- Førskuleklubb

FAGOMRÅDE	1-2 ÅR	3-4 ÅR	5-6 ÅR
Natur, miljø og Teknologi 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få oppleve glede av å vera ute. Undra seg over naturen sine fenomen. F.eks. dyr, fuglar, blader som fell frå trea, varmen frå sola, regnet osv. Plante frø. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få kunnskap om dyr og fuglar i nærmiljøet. Observera/forska på skiftingar i veret og naturen; varme/kulde, regn/snø, is/vatn osv. Utforska og oppleve nærmiljøet til fots. 	<ul style="list-style-type: none"> Innsikt i miljøvern og samspelet i naturen. Laga konstruksjonar av ulikt materiale. Oppdagingsferd i nærmiljøet. Livet i fjæra. Nytte naturoppdraget, småkryp
Kunst, kultur og Kreativitet 	<ul style="list-style-type: none"> Barna blir invitert til leik og eksperimentering med teikning og måling. Lytting og rørsle til musikk. Opplera ei teaterframsyning. Kunstprosjekt med Vaida og Samnanger bibliotek. 	<ul style="list-style-type: none"> Dramatisera enkle situasjonar og eventyr. Barna skal leike og utforska med måling, modellkitt, lim, saks osv. Opplera ei teaterframsyning. Kunstprosjekt med Vaida. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal dramatisera eventyr/songar/situasjonar for kvarandre. Høgtlesing. Song og dans. Lytta til musikk. Opplera ei teaterframsyning.
Mengde, rom og Form 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal kunne orientera seg i de ulike romma i barnehagen, inne og ute. Barna skal bli kjend med tal omgrepa 1-10 gjennom leik med rim, regler og eventyr. Barna skal få kjennskap til matematiske omgrep ved at dei vaksne er bevisste over ord dei bruker i kvardagen. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få kjennskap til spel, t.d. ludo, memory og lotto. Barna skal få kjennskap til ulike geometriske former og storleikar. Sortering og systematisering av ulikt materiale. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få kjennskap til tall og mengde. Barna skal arbeide med enkle matematiske oppgåver og utvikle talomgrepa. (førskuleklubb) Bruke mattesekken, mattemeisen.
Kropp, rørsle, mat og helse. 	<ul style="list-style-type: none"> Besøk i gymsalen der dei skal oppleve grunnleggjande ferdigheiter. Bevege seg i ulendt terreng i og utanfor barnehagen. Øve på handvask. Smake på ulik mat. Få dekkja behov for omsorg og kvile. Få kjennskap til eigen kropp, "Æ, e mæ", 1-2 år. 	<ul style="list-style-type: none"> Besøk i gymsalen der dei skal oppleve grunnleggjande ferdigheiter som krype, åle, rulle, krabbe, gå, springe, hoppe osv. Barna skal ha fast turdag i veka. Trene på gode hygienrutinar etter toalettbesøk og før måltid. Fokus på sunne matvarer gjennom at barna får delta i planlegging av måltid og matlaging. Få kjennskap til eigen kropp, "Æ, e mæ", 3-4 år. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få økt kunnskap om kosthalds sirkelen. Lage mat saman med dei vaksne. Barna skal gjennomføre lengre turar i nærmiljøet. Leik i gymsalen og ute, ulike ballspel og bevegelse leikar. Få kjennskap til eigen kropp, og bli bevisst eigne grenser. "Æ, e mæ", 5-6 år.
Kommunikasjon, språk og tekst 	<ul style="list-style-type: none"> Hjelpe barna å setje ord på følelsar og opplevingar. Øve på enkle songar, songleikar og regler. Repetisjon og gjentaking. Peike/sjå i bøker og bilete. Snakkepakken Bruke digitale verktøy saman med ein vaksen. 	<ul style="list-style-type: none"> Barnet sett ord på kjensler og handlingar. Barnet skal kunne syngje enkle songar/regler. Rollelek. Språkgruppe med fokus på riktig uttale. Lytte til fortellingar og eventyr. Kjennskap til IPad. 	<ul style="list-style-type: none"> Barnet sett ord på kjensler og opplevingar og kan formidla eit budskap til ei gruppe barn og vaksne. Følgje med i bøker utan bilete. Kunne gjenfortelje frå høgtlesing. Kunne bruke enkle appar på Ipad.
Etikk, religion og filosofi 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal gjennom song, dans og musikk få ei kulturell oppleving. Enkel markering av høgtider og merkedagar. Vera del av eit fellesskap. 	<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle toleranseomgrepet, og respekt for kvarandre gjennom konkrete handlingar og samtaler. Barnehagen skal gje barna kunnskap om og moglegheit til å verta kjend med andre kulturar enn sin eigen. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal i samtaler undra seg over små og store hendingar i løpet av dagen, så dei kan forstå samanhengar i livsverda og konsekvensen av eigne og andre sine handlingar.
Nærmiljø og samfunn 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal bli kjend med barnehagen og området rundt. Vera oppmerksom på barnas kroppsspråk. (barns medverknad) Markere FN-dagen. Trafikk, bruke sansane og gå tur 	<ul style="list-style-type: none"> Delta i grupper på tvers av avdelingane. Bli kjent med, og utforske barnehagens nærmiljø til fots. Kjennskap til barnekonvensjonen. Bli kjende med omgrep, fargar, tal, symbol, former og uttrykk brukt i trafikken. 	<ul style="list-style-type: none"> Samtale om kulturelt mangfald, levemåtar og familiefarmer. Reflektere rundt innhaldet i barnekonvensjonen. Trafikk, lære reglar for fotgjengar og kva reglar som gjeld for bil, sykkel, refleks.

